



Hordaland Sau og Geit

Referat styremøte Hordaland Sau og Geit

Stad: Fylkesmann i Hordaland 4. juni 2015

Desse møtte: Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Arnt Bakke, Knut Sygnesteit og Kjetil Rødland. Fyrste vara Olav H. Bringedal hadde meldt forfall.

Tore Atle Sørheim leiar avlsutvalet hadde meldt forfall

Ole Johan Eidsnes frå beiteutvalet hadde meldt forfall

Audun Seilen leiar Gjetarhund nemnd hadde meldt forfall

Sak 36/15 Godkjenning av innkalling
Vedtak: Godkjent

Sak 37/5 Godkjenning av referat frå 09.03.15.
Vedtak: Godkjent

- Sak 38/15 Orienteringsaker:
- Sauprosjektet Ny Giv, så langt 2015. Reidar Kallestad Reidar orienterte om aktiviteten i Ny Giv så langt i 2015. Han peika på at alt som er planlagt er gjennomført.
"Fjelldagen" 16. august som har vert arbeidt med ei stund må nå bli lagt ut på heimesida til HSG.
Litt om programmet: Oppmøte på parkeringsplassen til stølane i Bjoreidalen – Yngve Rekdal- er ein person som har vert i mange beiteområde og kartlagt kvaliteten på beiteområda – det blir lagt opp til matsarvering, og sjølvsagt er det rømmegraut med tilbehør som står på menyen.
For dei som vil ha overnatting i nærområdet er det mange mogligheiter. Sjå vedlegg.
 - Oppsummering etter Landsmøtet i NSG 18-19. mars 2015. Nils Inge orienterte frå Landsmøte. Blant anna fekk Hordaland gjennomslag for sitt forslag på at Ove Holmås fortsetter som nestleiar i NSG. Landsmøte tok dette til følgje og Ove Holmås blei valt til nestleiar i NSG. For meir info gå til NSG sin heimeside <http://www.nsg.no/>
 - Apotekavtale. Nils Inge Hitland Kjetil Rødland har hatt arbeidet med og få til apotekavtalen med **Apotek 1 og Vitus apotek** 2015. Nils Inge legger avtalane ut på heimesida. <http://www.nsg.no/hordaland/>

- Sak 39/15 Ny Giv, framdrift .. etter 2015?
 Til sak 39/15 møtte Landbruksdirektøren i Hordaland Åse Våg og Fylkesagronom Silje Anette Lyhammar.
 Nils Inge orientert om Ny Giv og den aktiviteten som har vert i prosjektet. Etter at Svanhild Aksnes slutta hos Fylkesmannen er det Bastian Hoffman som har vert prosjektet sin kontaktperson inn mot Fylkesmannen.
 Silje vil og få tilgang til heimesida til HSG for og kunna legga ut informasjon angående Ny Giv.
 2015 er siste året i Ny Giv. HSG vil gjerne fortsetja eit år til, og fekk støtte for dette hos Landbruksdirektøren.
 Spørsmål som kom opp?
 Kva med geita i Hordaland? HSG tek kontakt med Tine for samarbeid med tanke på beiting.
 Prosjekt "landskap i drift" –rydding for meir beite?
 Eigar av Ny Giv, HSG sender ut invitasjon til samarbeidspartane Nortura og Fatland om vidare drift til ut 2016.
- Sak 40/15 Søknad om ny gruppe under ring 154 Strilaveraring.
 Vedtak: Søknad om ny ring sendes til Avlsutvalet i Hordaland for behandling, slik den føreligg utan vedtak i Styret.
- Sak 41/13 Val av personar og varapersonar til råd og utval i HSG:
 Vedtak: Det var komet inn få forslag på endringar i samansettinga i råd og utval i HSG. Ut frå dette blei følgjande vedtak

Beiteutval:

Namn	Valt år	På val
Kjetil Skjervheim ny	2015	2017
Ole Johan Eidsnes	2014	2016
1. vara Lars Johan Tveit ny	2015	2016
Observatør for HSG Reidar Kallestad	2015	2016

Avlsutval:

Namn	Valt år	På val
Tore Atle Sørheim (leiar)	2013	2016
Ove Holmås	2014	2017
Martin G. Haugland	2015	2018
1. vara Mons Kjetil Vevle	2015	2016

Gjetarhundnemnda:

Namn	Valt år	På val
Audun Seilen leiar	2014	2017
Stein Birger Dalland	2014	2016
Ragnhild Reiseter	2015	2018
1. vara Ivar Haug	2015	2016
2. vara Egil Øvstebø	2015	2016
3. vara Gunnar Lægreid	2015	2016

- Sak 42/15 Fagtur/Julebord 2015 (Sjå tilbod)
Vedtak: HSG har mottatt tilbod frå Hotel Ullensvang i Hardanger
19. & 20. desember. Program og påmelding kommer på heimesida.
- Sak 43/15 Innkjøp av "rollop/banner" til bruk for synleggjøring av HSG
Vedtak: bestiller 2 "rollop". Karluf får ansvar innhenting av prisar og
forslag til tekst. Ha dette klart til neste styremøte
- Sak 44/15 Resultat av Jordbruksforhandlingane 2015
Nils Inge orienterte og er svært skuffa over forhandlingane som blei
sluttførte mellom Staten og NB. I forslag til forenkling av utbetaling av
kvalitetstillegg på lammeslakt viser det seg at NB ikkje gar sett seg
godt nok inn i saka og saueneringa blir tappa for ca. 470 mil. kr.
Det har vert fleire møter der NB har prøvd å forklara og beklaga
"tabben" som er blitt gjort. Dette til litra nytte for næringa. Les meit om
saka på heimesida til NSG og HSG <http://www.nsg.no/> Husdyrtiskot
pr. vinterfora sau er auka med kr. 30.- for dei fyrste 100 vaksne
vinterfora sauene. Det er og ein liten auke på tilskot ferie/fritid
(avløysartiskot).
- Sak 45/15 Ymse
Leiarsamlinga til HSG blir lagt til 16. & 17. oktober.
Styret ber om tilbod frå hotell som er aktuelle.

Landsrådet for saueavl har bedt om forslag på avlsrepresentant frå
Hordaland.
Vedtak: Som avlsrepresentant frå Hordaland: Tore Atle Sørheim og
Martin Haugland som vara.

Karluf Håkull
Sek.